



Bulder & Brak Opplevingar AS | Ekrevegen 10, 6884 Øvre Årdal | tlf +47 975 22 139 |

post@bulderogbrak.no

www.bulderogbrak.no

UTLEIGEKONTRAKT SYKKELUTLEIGE

UTLEIGAR: Bulder & Brak Opplevingar AS
Org. Nr: 916681402
Kontaktperson: Torunn Todal Laberg – 975 22 139 | Lars-Kristian Fauske – 95211657
Adresse: Ekrevegen 10, 6884 Øvre Årdal

LEIGETAKAR: _____

Adresse: _____

Epost: _____

Tlf: _____

Sykkel-ID: _____

Leigeperiode: Frå: ____/____-20 ____ KL: _____

Til: ____/____-20 ____ KL: _____

Snu arket/neste side



Bulder & Brak Opplevingar AS | Ekreveggen 10, 6884 Øvre Årdal | tlf +47 975 22 139 |
post@bulderogbrak.no
www.bulderogbrak.no

Generelle avtalevilkår:

Leige av sykkel – Underskrift (leigetakaren godtek vilkåra i denne leigekontrakten)

Sykling er knytta til risiko og leige er på eige ansvar.

Kontrakt med leigevilkår må underteiknast ved leige av sykkel. Å visa aktsemd og å følgja trafikkreglar er leigetakar sitt ansvar.

Bruk alltid hjelm.

ANSVAR

Bulder & Brak Opplevingar AS tek ikkje ansvar for eventuelle skadar som følgje av bruk av utleigeobjektet. Leietakar pliktar å erstatta eventuelle skadar på utleigeobjektet eller tap av utleigeobjektet ved uvettig og/eller farleg bruk. Uhell/skade/hæververk eller tjuveri av ulåst sykkel må leigetakar betala etter vanleg reparasjonspris. Bulder & Brak Opplevingar AS er ikkje ansvarleg for eventuelle personskadar/ulukker leigetaker måtte koma ut for i løpet av leigeperioden. For eventuelle skadar på tredjemann sin eigendom, heftar leigetakar med sin eigen ansvarsforsikring.

PRISAR:

Merida eSpresso 300 SE EQ el-sykkel (hybridsykkel) kjem komplett utstyrt med skjermar/støtte/pakkebærar/lås og lyktsett. Storleik: M/L

4 timar: Kr 850,-

1 dag: Kr 1150,-

BETALING:

Leigesum må betalast i førekant av leigeperioden via nettbooking eller Vipps til 519571. Ved Vipps-betaling aksepterer leigetakar vilkåra i denne leigekontrakten.

UTLEVERING:

Sykkelen må hentast etter avtale. Sykkelen blir sett over saman med leigetaker og leigetaker får ei innføring i korleis sykkelen skal brukast. Levering og henting inntil 10 sykler innanfor 15 km èin veg blir utført for 400,- per tur.

Snu arket/neste side



Bulder & Brak Opplevelingar AS | Ekrevegen 10, 6884 Øvre Årdal | tlf +47 975 22 139 |

post@bulderogbrak.no

www.bulderogbrak.no

LEIGEPERIODE:

Leigeforholdet startar når leigeperioden er avtalt og stoppar når sykkelen blir levert tilbake til avtalt tid. Ved over 2 timar for sein levering pliktar leigetakar å betala for 4 timar ekstra. Ved over 4 timar for sein levering pliktar leigetakar å betala for 1 dag ekstra.

INNLEVERING:

Sykkelen blir levert etter avtale. Sykkelen blir sett over saman med leigetaker for å sjekka status og tilstand på sykkelen. Er sykkelen veldig skitten kan leigetakar bli pålagt eit ekstragebyr for vask på kr 150,-.

FORSIKRING:

Det er tilrådd at leigetakar har teikna eigen reiseforsikring. Se avsnitt «ANSVAR» for vilkår ang. skadar.

AVBESTILLING:

Ved avbestilling seinare enn 24 timar før leigetidspunkt, vil leigetakar bli belasta for 50 % av beløpet.

Stad/dato Bulder & Brak Opplevelingar AS – Storevegen 13, 6884 Øvre Årdal ____/____ - 20____

Signatur:

Leietakar